

VÅRYR VAKKER VARIERT

Surnadal 9. - 12. juni

Vårsøghelga
2011



PROGRAM

2011



På vegne av Laget Vårsøg har vi ei stor glede av å ønskje deg velkommen til ei våryr, vakker og variert Vårsøghelg!

Med programmet du held i handa, har vi sådd frøa til kulturopplevingar som vi håpar skal føre til at du blomstrar opp i takt med våren sjølv.

Kunstnarisk leiar Henning Sommerro har eit heilt spesielt godtauge til å sjå for seg spennande samansetningar med artistar og programpostar. Dette har etter kvart vorte Vårsøghelga sitt kjære varemerke, og årets utgåve er ikkje noko unntak. Fleire gonger under denne helga vil vi kome i nærbilag med kjende artistar i nye spennande uttrykk og unike samspel, på heilt nye scener.

Vårsøghelga 2011 inneheld også kjende programpostar: kyrkjekonsert, pubkveld og sjølvsagt Kleivakvelden, komplett med Henning i spissen for ei fin artistrekke, Kleivapris og nyskrivne dikt av unge diktarar. Kvart år blir det født hundrevis av dikt etter Hans Hyldbak – i samband med Vårsøghelga! I år løftar vi fram ein annan lokal ordkunstnar, nemleg Bjarne Østbø. Vi tykkjer også det er ekstra artig å invitere til konsert med Lindemanprisvinnarar på Øverlandet, fødepllassen til Ole Andreas Lindeman, første blad på Norges største musikk-dynasti.

Ikkje nokon kjenner vel vårsøget så godt i sjela si som ungdommen? Med arbeidet til denne sekstande Vårsøghelga, har vi hatt ungdommen i tankane, med eit mål om at dei skal finne seg enda betre til rette i Vårsøghelga. I tillegg til mykje friskt og ungdommeleg program, innførar vi for første gong Vårsøgdisko og ein felles rockebillettsom eit tilbod til dei under 20 år.

Unge lovande kunstnarar med røter i Surnadal krydrar programmet i år med sjølvskriven tekst og musikk, t.d. M.A.G med ny CD og Batteri med nye låtar i ny stil. Sjølvlagte teater, song og dans kan vi by på når søstrene Ingebjørg og Marit Loe Bjørnstad, oppvaksne i Surnadal, set opp framsyninga ROT. ROT er temaet for Vårsøghelga i år og inn under dette omgrepet kjem både rot som i røter/ tilhørighet og rot som i kreativt kaos og mykje meir som vil gå att i programmet denne helga.

Utan dugnadsinnsats, ikkje noko Vårsøghelg! Vi vil rette ein stor og varm takk til frivillige og lokalt næringsliv som med dugnadsinnsatsen sin gjer Vårsøghelga muleg.

Vårsøghelga er så heldig å ha eit fast publikum, som kjem att år etter år. Men vi har plass og rom for fleire, og vi håpar at mange vil la seg inspirere av årets program – og det vil tillet oss å hevde, er ein unik spire i den norske festivalfloraen. For alle som kjem til oss kan vi garantere opplevingar du sjeldan eller aldri vil få oppleve igjen med breibygda, Trollheimen og fjordlandskapet – i sin vakraste skrud – som levande kulisser.

God Vårsøghelg!

Styreleiar Leif Otto Frønes og dagleg leiar Gerd Ingrid Kvendset.



*Vi er med og
gjer dette muleg!*



Surnadal
Sparebank
www.bank.no



Statkraft



GJENSIDIGE
Surnadal



*“Det e likar å hegda e frå lakkja hell å hegda efrå botna og legg al-temmer
ti sylinder så veggjen ikkje rotna”*

R = Billett kan reserverast

TORSDAY 9. JUNI

13.45 Tjuvstart

Henning Sommerro held skule for ungdomsskulen med tema: Henning og Hans.

18.00 Opning Vårsøgutstillinga og Vårsøghelga

Galleri Finstuå. Hans Normann Dahl er Vårsøgkunstnaren i år.

Koret Bøgdaungdommen og Kristiansund Operakor syng Vårsøghelga inn.

Rot i råmå – fotoutstilling

Vengespennet, Vårsøg hotell. Surnadal fotoklubb med rotbilete.

19.00 Rotblætkaklag

Foajéen, kulturhuset. Vårsøglaugen spanderer blautkake.

19.30 Opningskonsert

Storstuå, kulturhuset. Batteri sesongdebuterer i ein konsert som óg skal få liv i Henning Sommerro sine rockerøter.

Billettpriis kr 150,- . Merk: Rockebillett. **R** (Reserver billett).

FREDAG 10. JUNI

9.30 – 13.00 Teiknekurs

Surnadal ungdomsskule. Hans Normann Dahl held kurs for grunnskuleelvar i teikning med kolstift.

11.30 Eldre hjelper eldre Vårsøghelga spesial!

Svorkasalen, kulturhuset. John Pål Inderberg, Herreselskapet og Øystein Sandbukt skapar Vårsøgstemning for dei eldre i år.

Kanskje blir det overraskingar óg. *Billettpriis kr. 50,-*

12.00 Knutsen og Ludvigsen-konsert

Storstuå, kulturhuset. Mellomtrinnet på alle skulane i Surnadal kommune er inviterte til denne framsyninga, som dramaelevar frå Kulturskolen på indre Nordmøre saman med elevar frå Rindal skole står for.

19.00 Kleivakvelden

Den unike utescena på Kleiva skulle vere ei perfekt ramme for trubaduren Odd Nordstoga, i alle fall i heftig samspele med Henning Sommerro. Med seg på konserten har dei John Pål Inderberg, Julius Charo Shutu og Idd Aziz Kunya, samt duoen Skáidi med Steinar Raknes og Inga Juuso. Som alltid får vi sjølvlagt dikt frå unge poetar, og det blir utdeling av Kleivaprisen 2011.

Surnadal Hornmusikk spelar ved inngangen.

Billettpriis kr 250,- / 100,- / Ungar under skulealder gratis.

21.00 Pubkveld

Den glade laks, Vårsøg Hotell. Etter Kleivakvelden blir det pubkveld. Husbandet Safari sørger for glade tonar ut i dei små timer, vi får gjensyn med artistar frå Kleiva, og ikkje minst gode namn som bluesartistane Dr. Bekken og Richard Gjems. Det lokale koret Vox har meldt sin entré, og vi har óg håp om at andre hivar seg ute på i løpet av kvelden.

Billettpriis kr 200,-

LAURDAG 11. JUNI

10.00 – 12.00 Teiknekurs

Surnadal ungdomsskule. Hans Normann Dahl held kurs for vaksne teikneglade. Tema: Portrett med kolstift. Påmelding til Vårsøgtelefonen: 415 46 860. Først til mølla! Kursavgift kr 500,-

11.00 – 13.00 Ordgyteri

Svorkasalen, kulturhuset. Forfattaren, kåsøren, skulemannen og dialektgranskaren Bjarne Østbø etterlet seg ein mangfaldig skatt. Ordkunstnaren Jan Erik Vold ser nærmare på diktaren Bjarne Østbø. Henning Sommerro og Turid Røen Kroknæs framfører Østbø-songane komponert av Henning til hennar debut i Universitetets aula i Oslo. Ole Magne Ansnes framfører òg eigne Østbø-komposisjonar. Styrkår Brørs fortel med utgangspunkt i Bjarne Østbø sitt segnomsuste radiokåseri om Surnadal og surndalingen. Sverre Hatle viser fram Østbø si "ordkiste", som inspirerte til fjarårets bok "Ord te gagns". Billettpris kr 150,-

13.30 Til Lindemans pris

Øverlandet. Vinnarane av De Unges Lindemanpris 2010, Eivind Nordset Lønning og Espen Reinertsen, opptrer på musikkpedagog og organist Ole Andreas Lindeman (1769-1867) sin fødestad. Vi får òg høre Lindemanpris-vinner 2010, vårsøghelven John Pål Inderberg, på denne spesielt nyskapande konserten. Billettpris kr 150,-

15.00 Som far så son

Surna bedehus. Det blir opera i verdklasse når Audun Iversen og faren Knut held konsert på Øra, akkompagnert av stangvikgarding Trygve Brøske på piano. Billettpris kr 200,-

17.00 ROT

Surna bedehus. "Kva skal eg gjera med saknet etter å kjenne meg heime ein stad?" er eit av spørsmåla Marit og Ingebjørg Loe Bjørnstad prøver å finne svar på i arbeidet med å lage ROT. Utøvarane tek i bruk dans, vokale uttrykk og tekst i framsyninga som er akustisk og tett på publikum. Utøvarane jobbar med kvardagslege, poetiske, absurde og energiske uttrykksmåtar i denne framsyninga, som Vårsøghelga har lånt temaet frå i år. Billettpris kr 150,-

18.00 Full vreng!

Den glade laks, Vårsøg hotell. Rockekonsert der vi gir smokebitar frå det store og gode band-miljøet på indre Nordmøre. M.A.G, Batteri, Trøkk, Zplint og Emergency vil sørge for både høg kvalitet og lyd. Billettpris kr 150,-
Merk: Rockebillettt.

18.00 Allsong i 150 år

Todalen kyrkje. Todalen er bygda der songen alltid har stått i taket! Kva høver da betre enn allsong i Todalskyrkja som no fyller 150 år? I spissen for eit variert program står Knut Iversen, Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor. Kor og musikkensemble vil også urframføre "Folketonemesse" - laga av organist Bernt Gudrunson Bøe over folkemelodiar frå Todalen i høve kyrkjejubileet.
Billettpris kr 150,-

Laurdagsprogrammet held fram på s. 6

PROGRAM 9. - 12. juni

forts. laurdagsprogram

19.30 Vårsøgdisko

Råkk, Vårsøg hotell. Nykommar på programmet. Rusfritt diskotek med lokal DJ. Aldersgrense 11 år. *Billettpriis kr 50,- Merk: Rockebillett.*

22.00 Vårsøgdisko 18

Råkk, Vårsøg hotell. Diskotek med lokal DJ. Aldersgrense 18 år. *Billettpriis kr 50,- Merk: Rockebillett.*

22.00 Jazzcamp

Brekkøya Camping. Stemningsfull pinsekveldfeiring ved elva der Steinar Raknes Quartet, Øystein Sandbukt og Herreselskapet jazzar oss inn i sommarnatta. *Billettpriis kr 200,-*

SØNDAG 12. JUNI



Nordmøre museum

11.00 Vårsøgvandring på Kleiva

Kleiva. Nordmøre museum, Kirsti og Holger Skei opnar døra inn i heimen til bygdadiktaren Hans Hyldbakk. Servering: Kaffe, graut og bakels.

Møt opp på kulturhuset seinast kl. 10.45. Det blir skyss å få for dei som vil ha det. *Billettpriis inkludert servering og skyss kr. 150,-*

11.00 – 13.00 Teiknekurs forts.

Surnadal ungdomsskule. Teiknekurs med Hans Normann Dahl.

11.00 Pinsegudsteneste i Stangvik kyrke

Dersom veret tillet det, er det håp om at dei tradisjonsrike kyrkjebåtane kjem til Stangvik.

12.00 Matservering

Bondehuset. Stangvikbryå byr på heimelaga bacalao, dessert- og kakebord.

14.30 Mirakel

Stangvik kyrkje. Framsyninga Mirakel blir vist for første gong i Stangvik kyrkje! Den er ei vidareutvikling av Dario Fo sin Mistero Buffo, spela av skodespelaren Hans Petter Nilsen, som har hausta strålende kritikkar på Trøndelag Teater i år. Schola Sanctae Sunnivae med gregoriansk song gjer dette til eit unikt kunstnerisk uttrykk vi trygt kan anbefale på det sterkeste. Mirakel er vorte til i eit samarbeid mellom Trøndelag Teater og Schola St. Sunnivae, og skal bli vist på Olavfestdagane seinare i år. Regi: Terje Strømdahl, Dirigent: Anne Kleivset. *Billettpriis kr 250,- / 100,-*

17.00 Gjensyn med Gulla Gaard

Korleis var livet på Gulla gaard? Vi drøymer oss attover med kammermusikk, Sandeman portvin og laks. Klassisk intimkonsert med Trygve Brøske og Anders Larsen i gardsstua, som fortset under open himmel med operasongar Lina Johnson, og ikkje minst Jon Faukstad og Eistein Bæverfjord på trekkspel. *Billettpriis kr. 150,-*

20.00 In Folk Style

Storstuå, kulturhuset. Vi avsluttar storslagent med TrondheimSolistene, brørne Gjermund og Einar Olav Larsen på fele og Jon Faukstad på trekkspel.

Vi får mellom anna høre musikk av Henning Sommerro, Gjermund Larsen og Edvard Grieg. *Billettpriis kr 280,- / 150,- R*



ODD NORDSTOGA

Songaren og komponisten frå Vinje er ein av dei mest kjente og folkekjære musikarane i Norge, både som solokonserntar og gjennom samarbeid med m.a. Herborg Kråkevik og Sissel Kyrkjebø. Dei seinare åra har Spellemannprisvinnaren styrka posisjonen i toppsjiktet av norske musikarar, og er aktuell med den kritikarroste og personlege plata "November".



HENNING SOMMERRO

Inga Vårsøghelg utan Henning, som ikkje berre er over alt som musikar, men også er kunstnarleg leiar for festivalen! Det er mesta umuleg å oppsummere alt Henning har gjort i norsk musikkliv og etterkvart i utlandet. Sommerro har laga musikk til teater, ballett, film, opera, musikkspel, fjernsynsprogram, kyrkje- og kammermusikk, rekviem og gammeldansmesse. Berre for å nemne litt...



SKAIDI

Tradisjonsjoikaren Inga Juuso og jazzbassist Steinar Raknes lagar musikk som får isvinden på vidda til å stilne og mørketida til å framstå lun og vakker. I duoen Skaidi har dei to rive jazz og joik laus frå sine respektive tradisjonar og skapt eit nytt, rått og grensesprengande uttrykk.



TROLLHEIM
VEKST AS

- Mennesket i sentrum -

T. SYLTE BIL

6650 Surnadal - Tel 71 66 08 84



UNHJEM
Gull & Sølv

Ivar Øverlie



MARIT OG INGEBJØRG LOE BJØRNSTAD



Marit (dans) og Ingebjørg (vokal) står bak forestillinga "ROT", ein tittel som også gav inspirasjon til årets Vårsøghelg-tema.

Søstrene vaks opp i Surnadal, og flytta til sørvestlandet med familien da dei var 10 og 15 år. Dette har prega dei på fleire måtar. I lag og kvar for seg har dei prøvd å finna ut av korleis dei skal forhalda seg til kjenslene knytta til dette.

Resultatet av prosessen med å uttrykka dette er forestillinga ROT.

Der tek dei i bruk dans, vokale uttrykk og tekst. Utøvarane jobbar med kvardagslege, poetiske, absurde og energiske uttrykksmåtar innanfor både tradisjonelle og moderne formspråk.



BATTERI



Bandet har sidan oppstarten i 2006 opplevd stor suksess. Landsfinale i UKM, 2.plass i Melodi Grand Prix jr, CD-utgjeving og høge plasseringar både på Trondertoppen og VG-lista er blant høgdepunkta. Under Vårsøghelga 2011 kjem gruppa frå Surnadal til å presentere heilt nytt repertoar.



M.A.G



Foto: Lediard Foto

Mørkt, mystisk og melodisk: Det er stikkorda for Surnadal-bandet M.A.G Gruppa kan kanskje plasserast i landskapet mellom DumDum Boys og Seigmen, men dei har eigenart og musikken er fylt med uventa vriar og imponerande arrangement. M.A.G gav ut debut-albumet "Magnolia" tidlegare i år.



KORET BØGDAUNGDOMMEN

Koret med dei unge medlemmene vart starta i samband med Surnadal Sparebank sitt store korslag i 2010, der koret også vart heidra med ein eigen pris frå dei andre deltakarane.



TRØKK, ZPLINT OG EMERGENCY

Zplint




Emergency



Det kokar av kraft og kreativitet i Kulturskolen på Indre Nordmøre. Dei tre unge og lovande kulturskulebanda Trøkk, Zplint og Emergency skal vere med og sørge for full vreng og rockestemning under Vårsøghelga 2011!

Trøkk



KNUTSEN & LUDVIGSEN-KONSERT

Kulturskulen og 5.-7. klasse ved Rindal skule inviterer saman med bandet Trøkk til Knutsen & Ludvigsen-konsert. Forestillinga er basert på kjente og kjære songar frå dei to populære fyrane som bur i ein tunnel, og kanskje kommer kongen...



Enge Blomster
BLOMSTER * BINDERI



MIKKELSEN MASKIN

maskinentrepreneur
6650 SURNA DAL

Kårvatn Fjellutstyr



KRISTIANSUND OPERAKOR



AUDUN IVERSEN

Etter at Audun Iversen gjekk til topps i Dronning Sonja Internasjonale Musikkkonkurranse i 2007, vart han raskt oppdaga også utanfor landets grenser. Han har hatt tittelrolla i Eugene Onegin i København og Lille og har spela Grev Almaviva i Figaros bryllup i Berlin. Han har vore solist ved konsertar i m.a. Glasgow, Edinburgh, Oslo og Moskva.



LINA JOHNSON

Lina Johnson studerer ved opera-akademiet i København og har for tida ei stor rolle i "La Boheme". Ho har tidlegare vunne ei rekke priser og stipend, m.a. Leonie Sonnings stipend i 2008, og Norsk Kulturskoleråd og Norsk Tippings Drømmestipend i 2005.



TRYGVE BRØSKE

Pianisten, komponisten og arrangøren fra Stangvik er kjent frå mange og ulike samanhengar. Trygve har m.a. hatt musikalsk ansvar for fleire teaterstykke og revyar, har levert bestillingsverk til Trondheim Kammermusikkfestival og laga musikk for kor og kammerensemble. Han er også kunstnarleg leiar for Stangvikfestivalen og medlem av gruppa Famntak.



TURID RØEN KROKNES

Mezzosopranen frå Valsøyfjord har lang erfaring som songar. Ho debuterte i Universitetets aula i Oslo i 1985. Henning Sommerro komponerte da ein songsyklus med tekster av Bjarne Østbø. Har seinare gjort mange roller ved distriktsoperaene i Norge, og vore på turné med Den Norske Opera. Har fått Bræinprisen, og skal vere Fru Guri av Edøy i sommar.


SAFARI


Safari er eit interkommunalt samarbeid mellom Surnadal og Sunndal. Det sju medlemmer store orkesteret har eit variert og publikumsvennleg repertoar som inneholdt både dixieland, negro spirituals, standard jazzlåtar, latin og soul.


**DR. BEKKEN &
RICHARD GJEMS**


Dr. Bekken, eller Tore Einar Bekken som han eigentleg heiter, er med sitt pianospel i blues- og boogie woogie-tradisjonen ei stor oppleving live! Dr. Bekken og Richard Gjems si plate "Songs From A Forest" frå 2009, er rost opp i skyene av norske kritikarar. Dei formidlar jazz, blues og folkemusikk med røter frå Finnskogen til Louisiana, og ønskjer å gje lyttarane ei oppleving dei ikkje har hatt før.


HERRESELSKAPET


Vokalgruppa Herreselskapet frå Oslo er songlad gjeng som sørgar for å spreie stor stemning med mellom anna barber shop-musikk og drikkeviser. Gruppa har eksistert sidan 2002, og har tidlegare samarbeidd med Odd Børretzen.



JOHN PÅL INDERBERG

Den trønderske saksofonisten er nærmest blitt ein institusjon i Vårsøghelg-samanheng. John Pål Inderberg har sansen for spontane musikalske uttrykk, og kombinerer mange stiluttrykk både som soloartist og i samarbeid med norske og amerikanske jazzmusikarar.



Foto: Andreas Ulvo



REINERTSEN OG LØNNING

Saksofonist Espen Reinertsen og trompetist Eivind Nordset Lønning vart tildelt De Unges Lindemanpris 2010. Dei er to unge stilskaparar, som brukar instrumentklangar og improvisasjon til å kreare sparsam, men inkluderande musikk der både stillheita og klangen fangar lyttaren.



STEINAR RAKNES QUARTET

Repertoaret til denne kvartetten er i hovudsak bassist Steinar Raknes sine eigne låtar, i tillegg til norske folke-melodiar og latinamerikansk musikk som tango og bossa nova. Musikken er varm, melodisk og energisk, og kjem garantert til å skape stemning!



ØYSTEIN SANDBUKT

Gitaristen frå Sunndal er distriktsmusikar i Møre og Romsdal. Øystein har bakgrunn frå rock og blues, men har også stor interesse for folkemusikk. Det har resultert i CD-en "Nordmør".



IDD AZIZ KUNYA OG JULIUS CHARO SHUTU

Vårsøghelga 2009 var ramma av rytmefeber, og no er Idd Aziz Kunya og Julius Charo Shutu tilbake med afrikanske trommer og garantert heftig stemning!



JAN ERIK VOLD

Alle har eit forhold til Jan Erik Vold. Tale for loffen. Kulturuke, kykelipi. Vold er ein stor humorist, unik som opplesar og er ein av dei viktigaste lyrikarane i sin generasjon.



EISTEIN BÆVERFJORD

Trekspelar, tusen kunstnar, pensjonist, filmskapar og kulturarbeidar, med Kleivaprisen 2007 og fleire andre priser i samlinga.



OLE MAGNE ANSNES

Surnadalings, kultursjef i Sunndal og tidlegare redaktør i Driva, Ole Magne Ansnes, kan også sjå tilbake på mange år som gitarist, songar og låtskrivar i diverse orkestersamanhangar på Nordmøre.



Surnadal
Velværesenter
- godt for kropp og sjel

VIBO
ENTREPRENEUR
MASTERHUS

YX
ENERGI



SCHOLA SANCTAE SUNNIVAE



Schola Sanctae Sunnivae og dirigent/kunstnarleg leiar Anne Kleivset står bak restaurering og framføring av gregoriansk materiale frå norsk og europeisk middelalder. Kvinnekoret har samarbeidd med ei rekke kjente artistar, og har turnert i m.a. Belgia, Estland, Frankrike, Ungarn, Spania og Danmark. Schola Sanctae Sunnivae er rekna for å vere eitt av dei beste og fremste kora i sitt slag i Europa.



HANS PETTER NILSEN



Foto: GT Nergaard

Populær skodespelar med lang fartstid i SIT (Studentenes Interne Teater) og Universitetsteatret, både som tekstforfattar, musikar og på scena. Har medverka i ei rekke roller på Trøndelag Teater, der han denne våren først var å sjå i Dario Fo-monologane "Mistero Buffo" og seinare i musikalen "Rock'n'Roll Wolf".



ÅSSKARD KYRKJEKOR OG TODALSKORET



Åsskard Kyrkjekor og Todalskoret med Bernt Bøe som dirigent, er dyktige songarar som er med og skapar aktivt kyrkjemusikkliv i sine sokn.



TRONDHEIMSOLISTENE

TrondheimSolistene er eit internasjonalt kjent kammerorkester, beståande av unge og talentfulle musikarar. Kombinasjonen av høgt musikalsk nivå, ungdommeleg energi og nyskapande profil, har sørga for at dei er fleire gonger Grammy-nominert i USA og fekk Spellemannprisen 2010 for CD-en "In Folk Style".



GJERMUND OG EINAR OLAV LARSEN

Brørne Gjermund og Einar Olav Larsen er blant dei mest kjente og dyktige folkemusikarane i landet, og er travelt opptekne med ulike prosjekt, både saman og kvar for seg. Gjermund har m.a vunne Landskappleiken klasse A - vanleg fele to gonger og fått Kongepokalen. Einar Olav på si side er ein av få som er A-klasse-spellemann på både fele og hardingfele.



ANDERS LARSEN

Surnadalingen Anders Larsen kjem frå ei musikalsk slekt, og er mellom anna søskenbarn med Gjermund og Einar Olav Larsen. Anders avla sin diplom-eksamen som solist med Kringkastingsorkesteret i Alban Bergs fiolinkonsert hausten 2004, og er violinist i TrondheimSolistene, Trondheim Symfoniorkester og Famntak.



JON FAUKSTAD

Professor i trekkspel ved Norges musikkhøgskole. Har samarbeidd med ei rekke komponistar, gjeve ut plater, turnert både i inn- og utland og forfatta fleire bøker.




ÅRETS VÅRSØGKUNSTNAR:

 HANS NORMANN DAHL

Hans Normann Dahl (f. 1937 i Lørenskog) er målar, grafikar, avis-teiknar og illustratør. Han er særleg kjent for sine mange fargerike, frodige og romantiske biletar – som ”Dagny”, årets Vårsøghelg-motiv.

Dahl har utdannning frå Statens håndverks- og kunstindustriskole og kunstakademiet i Warszawa. Han har hatt ei rekke utstillingar og har motteke fleire priser for bokillustrasjonar og plakatar. Bileta hans er innkjøpt av m.a. Nasjonalgalleriet, Riksgalleriet, Nasjonalmuseet i Warszawa og byen Montréal sine faste samlingar.



I tillegg har Dahl i mange år arbeidd som teknelærar, og har undervist på Statens Håndverks- og Kunstindustriskole, Statens kunstakademi, Arkitekt-høgskolen i Oslo og Den nordiske malerskole på Île de la Ré i Frankrike.



Vårsøgskjorta 2011

2011-utgåva av Vårsøg-skjorta er i svart og har motiv av Vårsøgkunstnaren Hans Normann Dahl.

Skjortene er i god bomullskvalitet og i fleire storleikar.
Pris kr. 150,-

BILLETTBESTILLING:

HELGPASS:

Invester i heile Vårsøghelga for kun 750,-
Billettar kan kjøpast i resepsjonen på Vårsøg Hotell
og Surnadal kulturhus

NYHEIT: I år sel vi **ROCKEBILLETTAR** til unge under 20 år.
På denne biletten går du inn på: Opningskonsert torsdag,
Full vreng og Vårsøgdisko laurdag. Pris kr. 200,-.

Tlf. 71 65 73 08 - eller på billettluka.no - www.varsoghelga.no